



Georg Hestad (frå Seimsfoss) er elektronikk lærar for Niklas Lakselv og Harald Myklebust Lekva.

I dag og i morgon blir det - i regi av sundagsskulen - avvikla ein spennande og mangfaldig leir i nabobygda Omvikdalen. Dei 40 deltakarane kjem frå heile Kvinnherad og 5 av dei er frå Uskedalen.



Nelly Kjærland er formingslærer for Tørres Myklebust Lekva.

Leiar Nelly Kjærland frå Uskedalen seier det slik:

- Vi må støtte opp om det som blir arrangert.

Vi bør ikkje tevla mot kvarandre, men samle kreftene, for då får vi til atskillig meir.



[Anne Zofia Fonn var med i førstehjelp-gruppa](#)

Dette er sjette gongen ein slik leir blir avvikla i skulen i Omvikdalen, men det er første gongen Uskedalen stiller opp med så mange. Leiren blir kalla ein "buheimaleir" fordi deltakarane kan bu heime og den blir alltid halden først i januar.

Leiren er ikke berre open for dei frå 5 år og oppover, men også for dei som berre er 4 hvis dei har med seg ein vaksen.

Programmet i dag har omfatta føremiddagssamling, uteaktivitetar, aktiviteter inne i gruppe og leirfest utpå ettermiddagen. Gruppeverksemda har vore imponerende allsidig. Dei som er meir enn 6 har hatt elektronikk-opplæring og dei som er over 3. klasse har sunge i kor. Andre grupper har dreve med ballspel, baking, forming, digitalfoto og førstehjelp.

Etter føremiddagssamlinga i morgon blir det sporleik ute og familiesamling for deltakarar med foreldre, sysken og andre som vil vera med om ettermiddagen.

Frå Uskedalen er desse med:

Niklas Lakselv, elektronikk, 2. klasse.

Harald Myklebust Lekva, elektronikk, 4. klasse.

Tørres Myklebust Lekva, forming, 2. klasse.

Anne Zofia Fonn, førstehjelp, 4. klasse

Herøysund har sundagsskule saman med Uskedalen og frå Herøysund deltek David og Kristina Eide, Eli Marie og Nikolai K. Kallekleiv. Også hjelpeleiarane Marianne og Ingrid Inntveit frå Herøysund deltek.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen